

**UNIVERSITETET I BERGEN
DET PSYKOLOGISKE FAKULTET
INSTITUTTRÅD VED INSTITUTT FOR PEDAGOGIKK**

Arkivsaksnr.:2012/631

Møtet vart helde tysdag 16. oktober 2012 kl. 09.00-11.00 på møterom 425, Christies gate 13.

Medlemmar tilstade

Gruppe A: Rune Krumsvik, Kariane Westrheim, Marit Ulvik, Arild Raaheim

Gruppe B: Ane Malene Sæverot

Gruppe C: Anlaug Lid

Gruppe D: Torstein Nielsen Hole,

Fråfall: Kanutte Bye Røstad

Sekretær: Anlaug Lid

REFERAT:

I	2012/631	GODKJENNING AV SAKSLISTE
II	2012/631	GODKJENNING AV REFERAT Referat godkjent 10. oktober.
III		FULLMAKTSSAKER Ingen fullmaktssaker.
IV	2007/10885 2012/9857 2009/13558 2012/1731	ORIENTERINGSSAKER 1. Normer og organisering av utdanningsaktivitetar. Høyring ved fakultetets institutt. 2. Høyring om forskrift for nye rammeplanar for lærarutdanning trinn 8-13 3. Utvida tilbod om høgare grads utdanning i psykologi- kommentarar frå institutta til arbeidsgruppa sitt forslag og fakultetsleiingas vurderingar 4. Referat programutvalsmøte i LU-PS 5. PEDISP-møte hjå NFR 6. Forskingsdialog mellom IPED og fakultetsleiinga 7. Undervisingsdagen for IPED 2012 8. Forskingsseminaret for IPED 2012, status 9. UiB, DPF og IPED minner om NSD-reglementet 10. UiB, DPF og IPED minner om reglane for bistillingar/bi-verv 11. Evaluering av IPED hausten 2012
Sak 14/12	2012/9855	Høyringsinnspele frå Institutt for pedagogikk om styring og leiing ved Det psykologiske fakultet Vedtak Instituttrådet har teke omsyn til alle høyringsinnspele frå forskingsgrupper, programutval og tilsette og har drøfta dette inngåande under møtet 16. oktober. På bakgrunn av dette har instituttrådet gjort følgjande vedtak: 1. Leiing på fakultetsnivå: Instituttrådet anbefaler vald dekan 2. Leiing på instituttnivå: Instituttrådet anbefaler vald instituttleiar Ved avstemming i instituttrådet stemte 5 medlemmar for vald dekan og instituttleiar, og 1 medlem stemte for tilsett dekan og tilsett instituttleiar.

Sak 15/12	2012/11009	<p>Emneplan DIDAPSYK2B - Fordjupingsemne i psykologi fagdidaktikk andre semester</p> <p>Vedtak</p> <p>Instituttrådet godkjenner emneplanen under føresetnad av at den blir revidert i forhold til følgjande punkt:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Læringsutbytte bes inndelt i kategoriane kunnskap, ferdigheter og generell kompetanse. 2. Teksten om mål og innhald er omfattande og kan med fordel kortast ned. Grunngjevnaden for å opprette emnet blir konkret foreslått tatt ut.
Sak 16/12	2012/9762	<p>Oppnemning av praksisutval for perioden 2012-2014</p> <p>Vedtak</p> <p>Instituttrådet vart gjort kjent med at føreslårte leiar for praksisutvalet ikkje ønskjer å bli oppnemnt for ein ny periode som leiar. Instituttrådet viser til vedtaket frå Programstyret for adjunkt- og lektorutdanninga som seier at leiaren av Praksisutvalet helst bør vere tilsett ved DPF av praktiske grunnar. Instituttrådet ber LU-PS om å ta saka vidare og foreslå ein leiar og eit medlem i praksisutvalet frå Det psykologiske fakultet. Instituttrådet er på linje med Programstyret når det gjeld føresetnaden om at den som blir oppnemnt som leiar blir kompensert for dette frå fakultetet som har arbeidsgivaransvar.</p>

Rune Krumsvik
leiar

Anlaug Lid
sekretær